

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**
Møtested: Telefonmøte
Dato: 26.03.2014
Tidspunkt: 09:00

Viser til telefonkontakt med alle medlemmene i AU for fastsetting av tid for telefonmøte.
Det passa for alle tre onsdag 26. mars kl. 09-9:30.

For å kople seg til telefonmøtet gjer de følgjande:

1. Ring 800 88 860
2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2014	Referatsaker		
ST 3/2014	Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Øvingsplan 2014-2017 - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps		2013/8542

ST 2/2014 Referatsaker

Arkivsaksnr: 2013/8542-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 25.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	3/2014	26.03.2014

Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Øvingsplan 2014-2017 - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps

Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova og § 3 pkt. 6.1 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, gjev Arbeidsutvalet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen løyve til gjennomføring av *Øvingsplan 2014-2017 for Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps*, godkjend av politiet ved e-post 27.02.14.

Løyvet blir gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av snøscooter i samband med gjennomføring av øvingsplan.
- Det kan nyttast inntil 4 snøscooterar, som skal vera tydeleg merka med Røde Kors. Mannskap som deltek på øvinga skal nytte markeringsvestar eller tilsvarende kjenneteikn som viser at dei deltek på vegne av Røde Kors.
- Bruk av snøscooter innan Jotunheimen nasjonalpark følgjer traseane vist i øvingsplanen som er godkjent av politiet.
Rutene som blir kjørt skal GPS-loggast, og loggen (med rute innteikna på kart) skal leggast ved rapport for tilbakemelding.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (mob. 959 65 158) og fjelloppsynsmann Odd Repp (mob. 916 97 613) skal ha melding om tidspunkt og talet på snøskuterar seinast dagen før gjennomføring.
- All aktivitet skal foregå på ein måte som tek omsyn til dyre- og fugleliv og eventuelle andre brukarar av området
- Rapport om utført aktivitet (dato, ruter og talet på snøscooterar) skal sendast nasjonalparkforvaltar innan 1. juni kvart år i planperioden.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Søknad av 06.12.13, vedlagt kart som viser planlagt øvingsområde
- Oppdatert øvingsplan med justert trasé, oppsett i samsvar med mal
- Uttale frå Tilsynsutvalet i Luster, møte 08.01.14
- Uttale frå Tilsynsutvalet i Lom, møte 24.03.14
- Godkjenning frå Gudbrandsdal politidistrikt regionlensmann Tor Ødegaard
- Miljøverndepartementet sitt brev av 31.01.2013 - *Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder*

Bakgrunn

Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps v/ operativ leiar Tåsten Nordal søker om dispensasjon frå verneforskrift for gjennomføring av øvingsplan for perioden 2014-17. Om bakgrunn for øvinga står det m.a. følgjande i søknaden:

Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps har ein stor del av området der vi bidreg til redningstjenesta inne i nasjonalparkane i Lom kommune. Også område i nasjonalparkane som ligg i kommunene Skjåk, Luster og Vågå vil naturleg høyre inn under dei område vi med utgangspunkt frå Lom vil koma inn i.

Redningsaksjonane vi er kalla ut på i fjellet er ofte innanfor nasjonalparkane våre, da det er i desse områda det er mest ferdsel både sommar og vinter. Vinterstid er det særleg i påska det er eit stort antal personer på tur i fjellet.

Kva oppdrag hjelpekorpsset har varierer. Det kan vera søk etter sakna personer, henting, 1.hjelp og uttransport av skadde eller sjuke personer eller utrykking til snøskred.

For hjelpekorpsset sin moglegheit til å løyse desse oppdraga på ein god måte, er det avgjerande at vi har lokalkjennskap til områda vi ferdast i, og at vi har erfaring med å ferdast i området. Særleg gjeld dette vinterstid med snøskuter, da dette ikkje er noko det enkelte hjelpekorpsmedlem kan trene på sjølv, og oppdraga våre ofte vert utført i dårleg sikt eller mørke.

På bakgrunn av dette har vi sett opp ein øvingsplan for øvingar som vi ynskjer å gjennomføre inne i nasjonalparkane vinterstid med bruk av snøskuter. Hjelpekorpsset har også andre øvingar både vinter og sommar, men desse vert gjennomført utanfor nasjonalparkane og er ikkje teke med her.

Dei viktigaste øvingsmomenta på øvingane inne i nasjonalparkane er å trene på vegval og ta seg fram til der dei verkelege oppdraga skal løysast, om det er eit skred eller det er å ta seg fram til værfaste eller skadde personer. Samstundes er trening på søk etter sakna personer eit naturleg moment i denne type øving. Også her er lokalkjennskap til både terreng, stikka skiløyper og hytter/buer viktig. Det siste øvingsmomentet vi ynskjer å nytte desse øvingane til er vurdering av terreng, skredfare og vegval i områda der det er mykje mogleg at vi også vil kunne koma til å kjøre i mørke eller dårleg sikt på ein aksjon.

Vi ser for oss å gjennomføre ei øving innanfor nasjonalparkane kvar vinter. Det er her søkt om 3 øvingar med tilhøyrande ruter / område. Dette vil da gjennomførast med ei øving vinteren 2014, ei vinteren 2015 og ei vinteren 2016. Primært ynskjer vi å gjennomføre øvinga i ei helg to veker før påske, med mogleg justering to helger bakover eller ei helg framover frå dette for å kunne tilpasse tidspunktet etter vær, føre og rasfare. Vedlagt er øvingsplan med dei tre øvingane vi ynskjer å få løyve til, samt kart der rutene er teikna inn.

Øvingsopplegget omfattar 2 øvingar i område som heilt eller delvis ligg i Jotunheimen nasjonalpark. I tillegg er det ei øving 3 som er heilt utanom Jotunheimen.

Søknaden er sendt til tilsynsutvala i Lom og Luster for uttale.

Tilsynsutvalet i Luster behandla saka i møte 8. januar, og gav slik uttale:

«Tilsynsutvalet gjekk gjennom planen og meiner at skal Røde Kors fungera som hjelpekorps i verneområdet, må dei få løyve til å driva øving og gjera seg kjende. I øvingsplanen kom det ikkje fram kor mange snøscooterar som kunne nyttast ved kvar øving. For tilsvarande øvingsplan frå Luster Røde Kors gjekk det fram at der ville dei nytta inn til 4 snøscooterar. Desse 2 øvingsplanane må av forvaltninga handsamast likt og det er då rimeleg at det for Lom Røde Kors også vert sett ei grense på inntil 4 snøscooterar pr øving. Det må setjast krav om at alle snøscooterane som vert nytta under øving skal vera tydeleg merka med Røde Kors, og personell som deltek på øvinga skal nytta Røde Kors sine uniformer. Røde Kors må innhenta løyve frå grunneigar før øvinga vert sett igang.»

I samråd med sekretæren for tilsynsutvalet i Lom, vart leiinga i hjelpekorpsset invitert til eit drøftingsmøte 8. januar for felles gjennomgang av dei aktuelle øvingstraseane. Til stades på møtet var Tåsten Nordal og Arve Nørjordet frå hjelpekorpsset, sekretær Odd Repp frå tilsynsutvalet, miljøvernrådgjevar Sander Sælthun frå Lom kommune, og nasjonalparkforvaltar Kari Sveen. I møtet vart det semje om justering av trase på øvingsdag 2 under øving 1, slik at revidert plan omfattar følgjande trasear:

Øving 1.

Start: Visbrue/Medalen. (Bøverdalen)

Trase` dag 1: Visbrue, Glømsdal, Hovde, Elgsløyfte, Fossbotn, Gokkerdalen, Fossbotn, Smådalen, Sleoskaret, Rindtjønnen, Veodalen, Blåtjønnholet, Russvatnet, Glitterheim. (Ca.80km)

Overnatting i sjølvbetjent DNT-hytte i Glitterheim, eventuelt Grønbue, lite lenger ned i Veodalen.

Trase` dag 2: Glitterheim, opp langs Hestbekken, til Blåtjønnholet. Tilbake til Glitterheim, vidare opp stikkaruta til Styggehøbreskardet, og ned Memurudalen til Meburubu. På turen kjøre innom hytta på Austre Memurubre, og ta med evt søppel e.l.

Momenter: Dette er i eit område med stikka løyper. Eit område som er vanskeleg, men mykje brukt, spesielt i påska. Viktig for mannskapet å gjera seg kjent med kvar steinbuer/hytter er å finne. Andre ting som er viktig med denne øvelsen, er: Kjøreteknikk, rutevalg, lokalisering av hytter som kan vera aktuelle å søkja i ved eventuelle aksjonar, skredfare, is, m.m.

Øving 2.

Start: Vegasjelet/Leirlie.

Trase`dag 1: Vegasjelet, Halsen, Bøverten, Dumdalen, Svarttjønne, Storvatnet, Liabrevatnet, Vesldalen, Nørdstedalsseter, Midtdalen, Namnlausvatnet, Øvre Grønevatnet, Storvatnet, Sognefjellshytta/Luster Fjellstyre si hytte. (Ca.60 km)

(Alternativet er via Sognefjellet, for å unngå Dumdalen, om skredfare er for stor. Samt Midtdalen både veigane til og frå Nørdstedalsseter om skredfara er for stor etter Vesldalen.)

Overnatting på Sognefjellshytta eller Luster Fjellstyre si hytte ved Preststeinsvatnet.

Trase`dag 2: Sognefjellet, Krossbu, Smørstabbreen, Sandelvbreen, Gravdalen, Stor-Utladalen, Rauddalen, Olavsbu, Rauddalsbandet, Langvatnet, Urdadalen, Visdalen, Kyrkjeglupen, Leirvassbu, Leirdalen, Vegasjelet.(Ca.70 km)

(Alternativ er Breiseterdalen, Halsen Vegasjelet, Leirdalen, Leirvassbu, Gravdalen....om Smørstabbreen ikkje har trygg nok trase`med tanke på snø/snøbruer. Og alternativ Langvatnet Leirvassbu, om skredfara i Urdadalen er for stor.)

Momenter: Dette er i eit fjellområde som er mykje brukt, spesielt i påska. Området har fleire små hytter/steinbuer, som kan brukast av villfarne turistar som nødbuar om styggeværet kjem over dei. Viktig for mennesket å gjera seg kjent med kvar desse er å finne. Andre ting som er viktig med denne øvelsen, er: Kjøreteknikk, rutevalg, lokalisering av hytter som kan vera aktuelle å søkja i ved eventuelle aksjonar, skredfare, is, bre, m.m.

Med denne endringa vart øvingsplanen sendt politiet for godkjenning. Regionlensmann Tor Ødegaard i Lom har godkjent øvingsplanen ved følgjande e-post sendt 27.02.14: *«Eg viser til tilsendt revidert øvingsplan for øvingar innanfor verneområde i Lom for perioda 2014-2017, datert 20.02.2014. Det visas der til ei endring i trasévalet for dag 2 under øving 1.*

Lensmannen i Lom gjev godkjenning til øvingsplana med endringa som er tatt inn. Dette vert lagt inn i politiets beredskapssystem.»

Tilsynsutvalet i Lom behandla saka i møte 24.03.14, og gav slik uttale:

«Tilsynsutvalet tilrår at det med heimel i verneforskriftene på visse vilkår vert gjeve løyve til dei planlagte øvingane i Jotunheimen nasjonalpark.

Det bør setjast følgjande vilkår for løyvet:

- *Snøscooterkøyninga skal avgrensast til det som er nødvendig, og skal følgje dei traséane som er oppgjeve i søknaden*
- *Talet på snøscooterar skal avgrensast til maksimum 4 scooterar med menneske*
- *Det skal takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv så dette ikkje vert uroa unødvendig*
- *Statens naturoppsyn og fjelloppsynet v/Odd Repp skal ha melding om når øvinga skal skje*
- *Korpset skal sende skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltaren/områdestyret om øvinga når denne er gjennomført*

Tilsynsutvalet tilrår at det også vert gjeve løyve for strekinga som gjeld den nye ruta mellom Memurubu og Leirvassbu om Hinnåtetjernet, og at dette vert samordna med stikkinga av strekinga Memurubu – Storådalen.»

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark (2003)
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)
- *Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder* frå Miljøverndepartementet

Følgjande punkt i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark er relevante i høve til søknaden frå Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps:

5.1. *Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.*

5.3. *Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til motorferdsel på vinterføre, på veg også på sommarføre, i vassdrag og bruk av luftfarty for:*

- - -

5.3.4. *Køyring i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.*

6. *Andre aktivitetar*

6.1. *Bruk av nasjonalparken i samband med større treningsopplegg, øvingar, jaktprøvar m.m. kan berre skje etter godkjenning frå forvaltningsstyremakta.*

Forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (1998) gjev følgjande retningslinjer:

"Redningsøvingar som treng bruk av motoriserte kjøretøy skal i størst mogleg grad leggast utanom verneområda. I dei høva det er naudsynt å ha slike øvingar i verneområde skal desse vere i regi av lensmannen. I alle høve skal øvingane godkjennast av forvaltningsstyresmakta."

Retningslinjene for redningstjenesta sin bruk av snøscooter i utmark og i verneområde klargjer kva aktivitetar som kjem inn under omgrepet redningsformål i forskriftas pkt. 5.1:

«Innenfor vernede områder er utgangspunktet i de fleste verneområder at øvingskjøring er forbudt. Det er et overordnet mål i verneområder å redusere motorisert ferdsel til et minimum, derfor skal slik ferdsel begrenses til det som er strengt nødvendig. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet ved redningsoperasjoner, vil imidlertid redningstjenesten til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskjøring") innenfor verneområder.

Øvingskjøring og kjentmannskjøring innenfor et verneområde kan skje dersom det gis dispensasjon fra verneforskriften etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal vurdere slike søknader etter § 48 første alternativ, som gjelder dispensasjon for kjøring som ikke er i strid med verneformålet, eller som kan skade verneverdiene nevneverdig.

Naturmangfaldlova § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er *«å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»*

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett.

Øvingstraseane i nasjonalparken vil i stor grad følgje traséar som vert stikka for vintertrafikk. Øvinga vil derfor gje nyttig erfaring for korpsmedlemer ved ei eventuell nødvendig utrykking seinare langs desse rutene. Tidspunktet øvingane skal gjennomførast på vil ikkje føre til særleg sjenanse for anna utfart, da turutfarten er nokså avgrensa på denne tida av året, utanom opningstidene for turisthyttene. Øvingane vil også vera lite konfliktfylt i høve til dyrelivet i området. Merknad frå tilsynsutvalet i Lom om løyve til bruk av traseen over Hinnotetjønn på strekninga Memurubu-Leirvassbu er ivareteke gjennom at det er opna for kvisting, men det er opp til tiltakshavar eventuelt å engasjere hjelpekorpsset i å delta på dette arbeidet.

Motorisert transport er nødvendig i samband med redningsaksjonar, og mannskapa treng øving for å kunne vera operative i kritiske situasjonar. I dette tilfellet synest det å vera lagt opp til ein god balanse ved å velja traseane som gjev nyttig erfaring med kjøring i eit alpint område med kanalisert vinterferdsel. Skadeverknadene er vurdert som små på denne tida av året. Det er store samfunnsinteresser knytt til ei slik øving, og fordelane ved å gje dispensasjon blir vurdert som større enn ulempene.

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12:

- *Kunnskapsgrunnlaget* når det gjeld naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Ferdsel på vinterføre i tida før påske, langs vanleg nytta løypetrasear, vil knapt påverke naturmangfald og dyreliv som er kjent i området.
- *Føre-var-prinsippet* (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men ferdsel etter ein etablert løypetrase vert ikkje vurdert å gje ukjente negative konsekvensar. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom. Trafikken set ingen varige spor, og er lagt til ei årstid med relativt liten verknad på dyreliv.
- Etter § 10 "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er knytt til nødvendig beredskap, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Det er derfor behov for eit redningskorps med kjennskap til området. Tiltaket skjer over eit kort tidsrom knytt til eit planlagt øvingsopplegg. Den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av nasjonalparken ligg på eit lågt nivå, og ein kan ikkje sjå at det vil koma fleire liknande saker som gjev stor samla belastning.
- § 11 om at "*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*" er ikkje relevant.
- § 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*: Øving utan tilgang på motoriserte hjelpemiddel gjev lita realisme, og vert vurdert som uaktuelt. Det er ein balansert bruk av område innan og utanom nasjonalparken, og kjentmannskjøringa må kunne skje i område der det er stor sjanse for å bli utkalla til redningsoppdrag. Mange trafikkerte turløyper ligg i nasjonalparken.

Konklusjon:

Tiltaket er av stor samfunnsmessig verdi, og fordelane er vurdert som klart større enn ulempene. Jotunheimen er av dei mest besøkte fjellområda både vinter og sommar. Dei lokale Røde Kors-laga gjer ein viktig jobb med å bidra til å ivareta tryggleiken for dei som ferdist i nasjonalparken. Jotunheimen er eit område der kombinasjonen av mange besøkande og alpint terreng med eit barskt klima medfører behov for lokal beredskap for å kunne gjennomføre nødvendige redningsaksjonar. Det er viktig å leggje motorisert aktivitet til eit konsentrert tidsrom på ei tid av året da det er til liten sjenanse for dyreliv og for andre brukarar av fjellområda.